

Arkivsaksid: 15/1419

Merknad til høring og offentlig ettersyn i sak:

- Dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen – Konsekvensutgeiing for flytting av Blom Fiskeoppdrett frå Laksevika til Trollholet.

Vi meiner følgende forhold ikkje er tatt tilstrekkelig hensyn til i konsekvensutgreiinga:

1. Støy

Fiskeoppdrettsanlegget er tenkt plassert noko på skrå nedanfor eit større bustafelt, Dalemarka. Avstanden til nærmaste bustad er ca 600m. I konsekvensutgreiinga er det kommentert at åsrygg eller skog vil skjerma for støy. Dette er ikkje tilfelle. Mot nedre del av Dalemarka er det ingen åsrygg. Vidare ligg feltet såpass høgt at skogen ikkje vil hindra lyd i særleg grad. Ein del av dei høgste trea er også blåst ned i stormkasta tidlegare i vinter. Det er direkte utsyn frå mange av husa i nedre del av feltet til den tenkte plasseringa av anlegget. Soverom som vender mot anlegget vil derfor bli uroa av dieselgeneratorer og foringsautomater døgnet gjennom. Den rådane vindretninga er også frå nordvest, rett frå anlegget mot bustadfeltet. Med den tenkte plasseringa vil dette vera ein vesentleg ulempe og gi negative helseverknader på innbyggjarane i den nedre del av feltet.

2. Kulturminne og friluftsliv

Anlegget er tenkt plassert rett utanfor Trollholet. Dette området er ein gammal fiskeplass for laks og annan fisk. I området er det ei 3-8 meter brei fjellhulle i ca 50 meter lengde, 1-3 meter over fjordnivået. Navnet Trollhola er etter ein nedrasa fjellknaus som har danna ei hole på 5-6 meter høgde og dybde, plassert omtrent midt på fjellhulla. Denne naturlege hola har nok vore nytta som le i fleire århundre, og må reknast som eit kulturminne. I nyare tid er plassen mykje nytta som rekreasjonsområde med særst gode forhold for fiske og bading. Plassen er også nytta av fritidsbåter til kortare opphald. Med eit fiskeoppdrettsanlegg av den størrelsen som er omsøkt rett utanfor, vil det måtte reknast som ei vesentleg forringing av dette særreigne naturområdet som er mykje nytta av lokalmiljøet.

3. Dyreliv

Ved Trollholet er det mogleg å komma ned til sjøen for hjort. Lenger nord er det så bratt at hjorten ikkje kan ta seg fram, og lenger sør er bustadfeltet Dalemarka. Derfor er det mykje hjortetrakk i området og det er ei av trekkvegane for hjort som sym over frå Holsnøy til Askøy. Med eit oppdrettsanlegg like utanfor vil denne trekkruta for hjort bli hindra.

Det er også eit rikt fugleliv i fjorden utanfor og i lia ovanfor Trollholet. Både ærfugl, havørn, hubro og vandrefalk har tilhold i dette området. Konsekvensane for desse artane er ikkje tilstrekkeleg utgreia i denne saka.

Kommentarer

Vi meiner at konsekvensutgreiinga er mangelfull og til dels feil på punkta nevnt over. Den foreslåtte plasseringa vil vera til vesentleg ulempe i forhold til blant anna dei punkta som er nevnt. For å minka desse ulempene må den foreslåtte plasseringa endrast ved at anlegget blir flytta ca 800 mot nordvest. Ein plassering rett utanfor Orsåta (Ospåsen) (topp 158moh) vil vera til vesentleg mindre ulempe. Her er det svært bratt ned mot sjøen, og det ligg ikkje noko bustadfelt rett ovanfor.

Med helsing

Rune Nordrik og Astrid Berg Nordrik

Dalemarka 137

5918 FREKHAUG